

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik



Nr. 3 | oktober 2023 | Årgang 65

Eplehausten var god i Hardanger i år



Eple er ei frukt kjend allereie frå steinalderen og finnест i dag i eit ukjent tal variantar. Opprinnleig kjem eplet frå Asia, og frukta kjenner me frå bibelhistoria, der Eva freistar Adam med ei frukt frå kunnskapens tre. Foto: Steinar I. Bergo

*Ho løyne seg so bljug burtum viddo i vest
- ei venare inkjen stad eg minnest,-
frao floarmaol te fjelltrom ho budde seg te fest
å finare bunad ikkje finnest.
Men kodlane sto skauta i rekka å ra
å krotasylle sildra tao uppser å sva
å fjoeren la seg gloddren å glitra.*

Fyrste verset av Ulvikasongen.
Dikta av Magnus Hydle (1868-1944).
Tone av Jakob Lekve (1923-1979).



Magnus Hydle (t.v.) og
Jakob Lekve med kona Aslaug.
Bilete frå boka «Glytt frå Ulvik»
av Jørgen Bergo.



ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeveier:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917
wm953@kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk tlf. 967 42 927, ebryk@interia.pl

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Bergo Aarvik, tlf. 452 28 287
tiljorunn@gmail.com

Søndagsskulen: Linda Van Moere, tlf. 943 85 859

Babysong: Kjersti Johanne Nybø: tlf. 916 02 028

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

Eid fjord kyrkjekontor:

Lægreidsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51

Kyrkjeveier: Tone Felle Nesheim,
tone@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjeveier: Irene Vivel, Irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ultita, rufsenis@gmail.com

Kyrkjetenar: Christian Bouvain,
christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjøtveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Diakoniarbeidar og klokkar: Ingeborg Wijland,
ingeborgwijland@gmail.com

Soknerådsleiar: Kari T. Hovland, tlf. 913 86 874

Sokneprestar:

Eid fjord: Johannes Pettersen,
tlf. 53 66 52 51 / 913 40 828

Ulvik: Anne Marthe Ulvik
AU237@kyrkja.no, tlf. 924 35 096

Eller kontakt: Voss kyrkjekontor – prosten,
tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Tone Felle Nesheim, Wilma Bergman og
Kjersti Næsheim. Kyrkjeveier Willemina van Manen,
Knut Nes og Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør: Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077
steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMER: 3530 31 60378

VIPPS: 593359

Bladpengar for 2023 kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalinger og
gåver til kyrkjebladet.

**Takk til alle gode støttespelarar
i Eidfjord og Ulvik!**

Telefontider Eidfjord kyrkje

Kyrkjekontoret i Eidfjord er ikkje bemanna alle dagar. Du treffer oss lettast på telefon tysdagar og torsdagar frå kl. 09.00–14.00.

Du kan gjerne prøva å ringja utanom telefontida, men då kan det henda det ikkje er folk tilstades.



**Kjære Gud, du er grei.
Hvordan står det til med deg?
Jeg var slem mot mor i kveld
men hun hadde skylden selv.
Alltid blir det som hun vil.
Be mor om å bli litt snill.**

**Bestemor fortalte nå
at du alltid hører på
hvis jeg ber om hva som helst,
men Gud, hvordan blir man frelst?
Hvis du ikke vet det, så
kan eg spørre lærer'n å.**

**Tusen takk for alt du vet.
Hva er ekte kjærighet?
Bestemor er veldig snill,
for hun skal dø når Jesus vil.
Si til Jesus, kjære Gud,
at han ikke sender bud.**

**Mor og far de ler av meg
når eg snakker slik til deg,
men eg gjør det likevel,
så kan de la være selv.
Resten sa jeg visst i går.**

Hilsen Kjetil, 8 år.

Kick-off for konfirmantane



TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

I slutten av august var konfirmantane frå Eidfjord, Kinsarvik og Ullensvang sokn samla i Eidfjord kyrkje. I fellesskap starta me det nye konfirmantåret. Sjølvsagt var det konfirmantundervisning, men det var og god tid til å

bli kjende med kvarandre. Det var i alle fall populært med taco til middag. I år skal me prøva noko nytt og jobba med kristuskransen i løpet av konfirmantåret.

Fekk du ikkje Brubyggjaren nr. 2?



TEKST: REDAKTØREN

Det lokale postboden har trufast og på rett måte levert kyrkjebladet i postkassane i mange tiår. Men den 27. juni var det ein vikar på jobben i Ulvik. Resultatet vart at mange ikkje fekk Brubyggjaren. Det ser ut til at det var dei som har «Nei til reklame» på postkassen, som ikkje fekk bladet. Redaktøren hadde kontakt med Posten på mange nivå, lokalt og nasjonalt. Eg hadde også kontakt med Glynt. For å få svar på kva vikaren hadde gjort, og kvar det var gjort med overskytande blad, sende eg eit rekommandert brev til den som hadde levert Brubyggjaren i Ulvik. I Eidfjord var alt som det skulle vera. For eit rekommandert brev til Voss, skulle posten ha 227 kroner. Men brevet kom ikkje til rett person, i alle fall kom svaret frå Camilla Øyjord i Posten Norge. Me skulle ikkje ha kontakt med postboden, og kva funksjon eit rekommandert brev har, vart heller ikkje avklart.

Der står me, «og kan ikkje anna» sa Martin Luther, og det er større å tilgje enn å svindla folk! Eg har drøfta dette med kasseraren. Me har tenkt ut fylgjande til abonnentane våre i Ulvik: Du som har betalt bladet og ikkje fått nr. 2, kan senda ein epost til kasserar tone@eidfjordkyrkje.no, eller ringja 53 66 52 51, så vil me trykka opp att det nødvendige talet blad. Posten var raus og betalte tilbake portoutgifter. Det skulle

vel berre mangla når ikkje jobben vart gjord. Portoen kostar mykje, og det kan vera/verta eit alternativ å levera på dugnad, slik somme andre gjer. Det får vera opp til nye valde og tilsette å avgjera!



Førsteklasses

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Det er stas å byrja i første klasse, og det må ein sjølvsgart feira. Som dei siste to åra, vart også årrets førsteklassingar inviterte til fest i kyrkja. På programmet stod det 3-rettars-middag, dekorar ditt eige handlenett, leik og moro, forteljing og song. Me storkoste oss!



3-rettars-middag stod på menyen.



Forteljing og song.



Førsteklassingane fargelegger handlenett.

Valresultat

**Fylgjande personar er valde
i soknerådet for perioden
2023-2027:**

ULVIK

Unni Solem
Finn Johan Gjerde
Astrid Jordal Børshheim
Guri Kristina Batta Bjørnstad
Kjersti Annlaug Ystebø Kolås Bergo
Liv Marie Osa

Varamedlemmer:

Marit Hydle
Lars Johan Tveit
Andreas Hjeltnes
Kristin Nesheim
Ivar Lindvik

EIDFJORD

Dette er det nye soknerådet i Eidfjord:
Kari Tveit Hovland
Hans Hellevang
Hilde Anette Oksavik Bu
Kjellaug Enge
Ole-Johnny Odland
Gunn Karin Aurdal Kjerland

Varamedlemmer:

Ann Kristin Steinhovden Wathne (1. vara)
Elsa Maria Garatun (2. vara)
Ida Vivel (3. vara)
Arne G Bu (4. vara)
Tone Anita Lund Garen (5. vara)



Den tidlegare kvite prestekjolen, albaen, vart farga raud av vinen.

Då presten sørga for oppstandelse

FRÅ TONE FELLE NESHEIM I EIDFJORD HAR ME FÅTT DENNE SOGA SOM ER SKRIVEN AV SVERRE F. HENRIKSEN.

**Dette er ei prestehistorie som er 100%
sann, og ho kan etterprøvast.**

Det er søndag 28. juli i Holla kirke i Ulefoss. Gudstenesta går sin gang, vikarpresten har halde preika si, og det er tid for nattverd. Alt som skal seiast og syngjast er gjort – dei siste orda «Kom for alt er ferdig» er sagde, og presten går med fatet med oblatar i ei hand, og begeret med vin i den andre handa. Nattverden skal føregå framfor koret, altså på området ved alteret, på grunn av koronatiltak.

Ved byrjinga av altarringen skjer det. Presten er ukonsentrert, gløymer eit trinn – og trør ut i lause lufta. Med flagrande prestekjole og nattverdsbrødet som fyk omkring som ei haglskur i ein hauststorm, og nattverdsvin som sprutar rundt som ein islandsk geysir, går presten som ikkje er direkte slank, rett i golvet.

Det blir oppstandelse i kyrkja. Klokkar, kyrkjetenar, prestefrue og andre stormar fram for å hjelpa den falne presten. Han kjem seg på beina, den tidlegare kvite prestekjolen, albaen, er farga raud av vinen, og det dryp raudvin av presten sitt lysegrå hår og skjegg.

Om ikkje anna fekk vikarpresten, altså eg, gitt kyrkjelyden ei gudsteneste dei seint vil gløyma. Prosten vart orientert av meg – og han kom med følgjande trøystens ord: «Ha, ha. Det skulle eg gjerne sett.»

Glad i å syngja?

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Minikyrkje er i godt gang. Første samling har allereie funne stad. Første torsdag i månaden møtest me i kyrkja til middag, leik, song og ei forteljing. Alle familiar med born i barnehagen og første klasse er inviterte.

Neste samlingar er: torsdag 05.10.23, torsdag 02.11.23 og torsdag 07.12.23 kl. 16:00 til 17:45.

Nytt i haust er at dersom du og barnet ditt saknar minikyrkje i midten av månaden, så er de inviterte til **Familiesong**. Ei koseleg songstund for små og store i lag med Ingeborg. Samlingane er torsdag 21.09.23 kl. 17:00, torsdag 19.10.23 kl. 17:00 og torsdag 16.11.23 kl. 17:00 i Eidfjord kyrkje.



Bengt sluttar no som vikarphest i Ulvik og Granvin

TEKST OG FOTO: REDAKTØREN

Nokre bilete frå gudstenesta i Ulvik, den 13. august. Redaktøren takkar for godt samarbeid, gode samtalar, for omtanke og hjelp til oss i Ulvik og Granvin. Her er nokre minne frå denne tida i Ulvik. Eit av biletene under seier meir enn ord. Takk, Bengt!

Kven hugsar vel ikkje konfirmasjonen i Ulvik 7. mai i år då ei lita jente gjekk fram til altaret i lag med konfirmantane. Bengt las nokre ord over jenta òg, velsigna ho til liks med konfirmantane. «Lat småborna koma til meg...», vart levandegjort.



Bengt på prekestolen.



Bengt velsigna konfirmantane.



Ferie utan koffert

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Med mykje energi starta me i haustsesongen av «Ferie utan koffert». I utgangspunktet er alle over 65 år i Eidfjord sokn inviterte. Men me er ikkje veldig strenge på aldersgrensa.

Sit du heime og ikkje er pensjonist, men har lyst å vera med? Då er du hjartegleg velkommen å vera med som ferievert. Oppgåvene til ferieverten kan vera å bidra til det sosiale eller kjøkenhjelp eller kva som helst du kan bidra med. Ta gjerne kontakt med Manuela, Ingeborg eller kyrkjakontoret.

Datoane:

tysdag 03.10.23 kl. 10:00 – 14:00,

tysdag 02.11.23 kl. 10:00 – 14:00,

tysdag 05.12.23 kl. 10:00 – 14:00

Det kostar kr 150,- per gong.

Påmelding til Manuela

mobil: 40 21 66 11

e-post: manuela@eidfjordkyrkje.no

Nytt frå kyrkjene

TEKST: MANUELA BJOTVEIT
BILETE: CHRISTIAN BOUVAIN



Nytt utebelysning.



Nytt tak på gamlekyrkja.

Godt å ha Bygdaservice i Eidfjord som kan fiksa taket i gamlekyrkja. No er taket nesten som nytt og kan halda gamlekyrkja vår turr og fin.

Gudstenesteturné



Dåp i Øvre Eidfjord.



Utegudsteneste på Bu.

TEKST: MANUELA BJOTVEIT
BILETE: CHRISTIAN BOUVAIN

I slutten av sommaren var me på ein liten gudstenesteturné i Eidfjord. Først ut var Øvre Eidfjord. Der feira me til og med ein dåp. Deretter var det gudsteneste i strålende seinsommarvêr på Bu. Takk til alle som møtte opp!



I 1958 var det 70-årsjubileum for Betel. Då var bygget nyrestaurert.

Betel – ein jobb å gjera!

Betel er snart 150 år gammalt. Det har vore vitne til mykje som har hendt i Ulvik, og har hatt mange funksjonar i eit langt liv!

MØTEREFERAT OG BILETE: REDAKTØREN

Sett utanfrå kan det no sjå ut som om forfallet er begynt. Men med litt vask og ordning av takrenner, vil huset ta seg mykje betre ut. Innvendig er det litt å rydda opp i, men der er fine salar og stort kjøkken, så huset kan brukast til mangt. Der har nett vore innbrot, men ungdommene har kun knust ei rute for å koma inn. Elles er ingenting øydelagd. Det er ikkje bra at nokon tek seg inn på den måten. Mogleg dette er eit signal på at dei unge har lite fritidstilbod i Ulvik. Det kan, for somme, vera ei byrjing på ein uheldig veg, så her må foreldre, barnevern og politikarar kjenna sitt ansvar. Ja, kanskje kan Betel verta ein stad der ungdommar kan få eit tilbod òg?

Fleire har teke initiativ til å få ei konkret og god løysing på eigetilhøve og bruk. Mange, både neverande innbyggjarar og utflytte ulvikingar, har kontakta Brubyggjaren både med minne

og tankar om Betel. Som med andre avgjerder i Ulvik herad, må ein gjera ein skikkeleg gjennomgang av både jus, soge og økonomi før eit vedtak vert gjort. I Citta slow-bygda Ulvik er soge og kultur eit grunnleggjande tema. Då vert det veldig rart om ein ikkje vurderer Betel som historisk og kulturelt bygg.

Litt frå historia til Betel for nye og yngre politikarar og andre folk: Huset vart bygd i 1888. Det er eit av dei eldste bygga i sentrum, etter kyrkja frå 1859. Betel er òg eit av dei få bygga som overlevde brenninga av Ulvik 25. april 1940.

I 1958 var det 70-årsjubileum for Betel. Då var bygget nyrestaurert. Ei gruppe kvinner og menn hadde gjort ein stor innsats med arbeid, pengar og tømmer som trongst for å få dette til. I fare for å gløyma nokre, sidan eg berre var 10 år den gongen, så kan eg nemna namn som Knut Skeie, Ingvald og Brita Vikøren, Helena Prestegard, Ingvald Bergo....

Det flotte, vevde teppet på Kyrkjekontoret i dag, vevde Brita Vikøren på sine eldre dagar. Tømmeret vart køyrt til Skeiesaga og skøre der. Skeie er eit sentralt namn på mange vis i soga om Betel! I nyare tid gjorde Frode Bilsbak og Olav Bergo ein god del dugnadsarbeid. Dei måla mellom anna opp at heile bygget!

Før ein fekk bygt skulebrakka etter nedbrenninga, var

det skule på Betel. Brubyggjaren har fått tilsendt minne om aktivitetar for born, unge og vaksne på Betel, og besök frå tilreisande. Stikkord som Betelbasaren, tilreisande som heldt møte, Kjell Grønner og Ten sing i påskehelga, konfirmantfestar, søndagsskule, Tenpluggen, Knytingen.... Biletet frå Elisabeth Kopperud i sist nummer av Brubyggjaren er eit slikt minne. Stadig nye dukkar opp og vitnar om bygget si soge og minne frå eit langt liv. Under restaureringa av Brakanes skule, vart Betel brukt til undervisning, og etterpå til kontor for arbeidsfolk som sette opp Idrettshallen for Ulvik herad. Kven stod for utleiga, og kven fekk leigeinntektene? Kåre Johan Hamre, lærar i Ulvik og seinare i arbeid for Indremisjonen, har skrive bok om Betel si soge. Det skal finnast mange eksemplar til overs på Betel. Det er sikkert råd å få for interesserte, og dei nye folkevalde og dei som sit i nøkkelstillingar i bygda, bør setja seg inn i soga til dette gamle bygget, før avgjerd vert teken.




Ei rute vart knust i samband med eit innbrot i Betel for ikkje lenge sidan. Ingenting anna vart øydelagd.

Viktige avklaringar for Betel si framtid:

Betel vart flytta litt føre restaureringa. Johan Osa var med på arbeidet, og har fortalt om dette kunststykket å flytta eit heilt hus. Nokon har ansvaret for at det ikkje vart halde ny oppmåling og ny kartforretning, men både Vegvesenet, Indremisjonen og Ulvik herad må vel dela på skulda? Ulvik Indremisjon er ikkje nedlagd formelt og sit framleis som eigar av bygget. Tomta, har ein nyleg fått greie på, er eigd av dotter til den tidlegare Knut Skeie, Gunnlaug Skeie. Eg vil tru at Betel framleis har ein viss klang i Skeieslekta, etter den store innsatsen i 1950-åra!

Dei som no har møtttest for å drøfta framtida til Betel, har spora opp ein nøkkel hjå E-verket. Kven andre har hatt tilgang til bygget? Elin Rondestveit som hadde mykje med Betel å gjera og med arbeidet for ungdom, fortel at ho har dei gamle nøklane, men dei er berre til "innebruk! Låsen til utedøra vart skifta då huset vart leigt bort. Kvar er nøklane no? Når det gjeld protokollar, reknskap og møtebok, skal dei ligga i ein



Magne har gode minner om aktivitetar for born, unge og vaksne på Betel.

koffert i skåpet i kjellaren, eller så kan Kåre Hamre ha dei. Elin var "den siste skrivaren". Frode Bilsbak hadde mykje kontakt med Sjur Skeie, og den korrespondansen skal også ligga i den kofferten, meiner ho.

Frode fortel: I 2007/2008 fekk Betel midlar frå Hardingbanken (15 000) til isolasjon over kjøken og møtesal. Det blei også lagt tregolv i rommet over kjøkenet. Eg utførte dette arbeidet åleine, og avslutta jobben i oktober 2009. Eit firma vart engasjert for å utbetra roteskadar. Pengane kom frå utleie til skuledrift det året skulen vart ombygd og påbygd. Om kontakten med Sjur Skeie seier han: Når det gjeld eigedomen og grunnen som Betel står på, hadde eg fleire samtaler med Sjur. Vi hadde nesten kome fram til ei løysing det året han døydde. Då eg siste gong var i kontakt med Sjur, var han sjuk, og kom ut på altanen. Han hadde ikkje krefter til å gjera noko meir med saka, og der stranda grunnspørsmålet den gongen. Mitt siste forslag som han var positiv til tidlegare det året, var å setja grensa berre ein meter utanfor husveggen på oppsida av huset, slik at Sjur framleis hadde vegretten bort til sin eigedom.

Andre sentrale spørsmål er: Soknerådet har betalt kommunale utgifter før straum og vatn vart kopla av. Det betaler forsikringar. Kva framtid kan eit slikt historisk bygg få? Ein dialog med folket på Skeie, som kan avslutta det Frode Bilsbak og Sjur Skeie var i ferd med å finna ei løysing på, er viktig og avgjerande.

Parkering, som var eit problem tidlegare, er no løyst ved at ein kan nytta plassen ved idrettshallen. Det ser ut som om det er bruk for hus til ulike aktivitetar i bygda. Bygg med to relativt store salar, bra stort kjøkken og andre fasilitetar gjev eit bra potensiale for ulike gjeremål. Hus for born og unge er det stort behov for. Småhærverk og ungdommar som streifar i sentrum er tidlegare nemnt, som signal for behov.

Nokon har nemnt at Betel kan brukast som livssynsnøytralt bygg. Me har etter kvart mange i bygda som ikkje hører til kyrkja. Kan gravferder, giftemål og anna leggjast til den nye heradsstyresalen?

Med litt fantasi og gode søknader er det kanskje pengar å få både frå Riksantikvaren, fylke og stat?

Vandra saman – frå kyrkje til kyrkje

**Historisk vandring fann stad
10. september.**

TEKST: REDAKTØREN

Vegen over fjellet frå Granvin til Ulvik vert marknadsført som «The Postroad» eller «Die Post strasse», men det rette namnet er Allmenningsvegen. Dette var ferdelsvegen mellom Ulvik og Granvin heilt fram til vegen over Espelandsdalen var ferdig i 1901. Her for prestane, frå bustaden i Ulvik, med hest om sommaren, og over Espelandsdalen med hest og slede vinterstid. Vêret kunne vera utfordrande over Dalen òg. Olav Haugse frå Granvin fortalte soga om «Prestajuklane». Det vart fortalt om ein prest som vart sjuk og døydde etter strabasane i snøen. Prestajuklane ved Vtnasete fortel om presten som vart drepen i eit jukleskred på veg til kyrkja i Granvin.

Kyrkja i Granvin er den eldste i desse to sokna. Ho er frå 1726, medan kyrkja i Ulvik er frå 1859. At dette var ein hovudveg, vitnar Tellstiplasset oppanfor Lindebrekke om. Her meiner somme det budde ein ordførar i Ulvik ein gong. Det



Foto: Redaktøren

vert fortalt om at arbeidarhøvdingen Martin Tranmæl kom på sykkel til Ulvik og skulle vidare til Granvin etter at nyevegen kom. Ein politisk motstandar sende han over fjellet med sykkelen. Jamvel tjuven Gjest Bårdsen gjekk over Angerskleiv etter å ha stolte syltvøy på Hjellevoll, vert det fortalt.

Angerskleiv betyr kleiva opp til anger, som er det gamle ordet for fjord. Som det står i Granvinssongen: «... hordane fann deg og nemnde deg anger...» Men posten har aldri vorte borene over fjellet. Posten kom med båten!



Klare til start ved Strindakleiv. Vandarkomiteen står på rekke og rad.
Til høgre står 87 år gamle Olav Haugse som leia fram til grensa til Ulvik.

Foto: Redaktøren.



Den nye prestefamilien vår. Presten Anne Marthe Ulvik, tvillingane Emma Karoline og Hans Kristian Ulvik-Bjerke (som går i 5. klasse på Brakanes) og Paul Erik Bjerke. (som jobbar i Sjøforsvaret, i leiinga på fregatt Otto Sverdrup).

Foto: Redaktøren på turen over fjellet frå Granvin.

DEI SJU NØKKELOORDA FOR DENNE VANDRINGA ER:

Fridom: Om eg går i dødsskuggens dal, er eg ikkje redd for noko vondt. Din kjep og stav trøystar meg! I dagens samfunn er det lett å kjenna seg fanga av alle krava som vert stilte til oss. Men her på vandringa vår, får me leva i fridomens luftlag. Me får eit anna perspektiv over liva våre her ute i naturen!

Enkelheit: Det beste i livet er gratis. Kva treng me for å leva godt? Kva har du pakka i sekken din i dag? Er alt nødvendig å drassa på? Det å leggja bort det overflødige kan kjennast godt av og til!

Stillheit: Stillheita er mangelvare for mange i dag! For oss på vandring er det ofte det heit motsette. Me lyttar til naturen, bekkens brusing, susinga i trea og fuglesongen!

Bekymringsløyse: Kva skal me bry oss om? Kva er viktig i liva våre? Prioriterer me rett? Det handlar om å vera nær kvarandre i det som hender!

Ro: For altfor mange går tida altfor fort! Det er vanskeleg å hanga med! Leva i hast, skunda seg. Og stundom ropar me: «Stopp verda, eg vil av!» Me har ein lengt etter meir ro. Den finn me i dag på vandringa vår!

Åndeleghet: Mennesket er meir enn biologi og kjemi! Når ein er ute i naturen, kan ein stundom få den fantastiske kjensla av å høyra saman med heile skaparverket!

Felleskapen: Kva er meiningsa med livet? Jau, å dela. I dag, under vandringa vår, å fortelja kvarandre om glede og sorger i liva våre. I dag, under vandringa vår, å visa ein spesiell solidaritet med dei som er tvinga ut på vandring: Flyktningar, heimlause og andre. Det er lett å dela eit stykke liv med kvarandre når ein er ute på vandring!

Så syng me siste verset av «Fager er jordi».

Frå grensa overtok Torbjørn Dyrik som forteljar. Han har vore lærar både i Granvin og Ulvik, og kjenner lokalhistoria godt.



Me syng fyrste verset av «Fager er jordi».



Grensa mellom gode grannar.
Foto: Anne Lorenzen, Granvin turlag.





Ingen rasfare for dei to prestane i dag, men kliss våte vart både Bengt og Anne Marthe. Foto: Jorunn Bergo Aarvik.



Foto: Anne Lorenzen, Granvin turlag.

Fuktig, men interessann sogetime på Angerskleiv! I 300 år, fra 1600 til 1900, var dette ferdavegen for prestene mellom Ulvik og Granvin om sommaren. Trafikken gjekk helst på hesteryggen. I vinterhalvåret gjekk ferda over Espeland med hest og slede. Vêret kunne vera utfordrande over Dalen òg, kunne Torbjørn stadfestå. Han fortalte om presten som døydde av strabasene om vinteren. Høgste punktet, der biletet er teke, ligg 575 meter over havet. Prestene måtte ta denne oppstiginga begge vegar, frå fjord til fjord. Mange kjende personar har gått over fjellet. Torbjørn nemnde både Henrik Ibsen og Henrik

Wergeland. Sjølv har han i si tid fylgt både biskopar og andre på denne vandringa. Om Gjest Bårdsen fortel Torbjørn at han arbeidde ei tid på Sponheim. Men då han reiste tok han med seg syltvøy frå Hjelmavoll. Dei fanga han på vegen mot Voss, og Gjest leverte frå seg det dei trudde var alt tjuvgodset. Diverre hadde han gøynt unna noko på Angerskleiv.

Størst inntrykk gjorde vel forteljinga som er dikta opp om namnet Angerskleiv, at det skulle ha med soga om to unge, som angra og snudde heim. Dei to var ugifte og fekk eit barn. Det var ei stor synd, begge delar. Barnet døydde, og dei vart skulda for å ha teke livet av barnet. Dei rømde vegen opp Nordalen i Osa og austover. Etter ei tid snudde dei og kom tilbake. Dei vart dømde til døden og avretta på Snauholmen i 1736.

Med ein liten stopp på Furesete og litt informasjon om stølane, gjekk vegen til kyrkje. Her var det betasuppe, kaffi og bollar. Etterpå var det gudsteneste.



Betasuppe, kaffi og bollar smakte godt etter turen.
Foto: Redaktøren



Etter maten var det gudsteneste i Ulvik kyrkje.
Foto: Redaktøren

HIMMELPRAT

- Å SNAKKA MED GUD ER NESTEN SOM Å SNAKKA I TELEFON

Du har sikkert sendt meldingar med mobilen din. Er det ikkje kult at du kan senda meldingar eller bilete til vennene dine? Du kan senda korte meldingar eller lange. Visste du, at du òg kan senda meldingar til Gud? Dei kan vera korte eller lange. Korleis går det an? Å snakka med Gud er nesten som å snakka i telefon. Me kallar det å be, og det fungerer nesten som mobilen din. Nokre funksjonar er til og med endå betre.



Heilt gratis

Å snakke i mobilen kan til tider bli nokså så dyrt. Når du «ringjer» til Gud, må du ikkje betala ei einaste krone – han er alltid tilgjengeleg, heilt gratis, uansett kor lenge samtalen varar.

Alltid med deg

Mobilen din kan du ta med deg kor som helst. Med Gud er det ganske liknande: han er ikkje kopla til ein lang kabel eller treng ein stikkontakt – du kan når som helst og overalt koma i kontakt med han.

Dekning

Når du brukar mobilen din, kan det henda at du har dårlig dekning. Lydkvaliteten kan vera dårlig. Av og til får du ikkje kontakt i det heile tatt. Men når du «ringjer» til Gud, finnst det ikkje dårlig eller ingen dekning – hans dekning er alltid utmerka.

Tips: Vil du vita korleis Jesus bad?
Slå opp i bibelen din: Matteus 6, 9-13.

Dåpen

- det viktigaste sakramentet

**Den norske kyrkja har to sakramenter, dåp og nattverd.
Dei har sitt grunnlag i to viktige hendingar i Jesu liv.**

TEKST: REDAKTØREN I SAMTALE MED PER SPONHEIM

BILETE: PRIVAT, HENTA FRÅ INTERNETT

Dåpen er kanskje den viktigaste handlinga. Frå Bibelsoga hugsar me at Johannes døypte Jesus i Jordanelva. Dei fleste, men færre enn før, døyper borna sine i dag. Konfirmasjonen i kyrkja er ei stadfesting av dåpen. For å ta del i denne stadfestinga må ein vera døypt. Det er ein del ungdommar som døyper seg som «vaksne», for å kunna ta del i den tradisjonelle konfirmasjonen. Eg hugsar jamvel somme sa til den som var konfirmert i kyrkja: «Gratulerer som voksen». I kyrkja vert du rekna som voksen, når du er konfirmert. Ja, du kan jamvel røysta i soknerådsvalet!

Fleire gamle soger fortel om kor viktig det var at barnet vart døypt: Dersom du har gått frå Mjølfjell eller Slondal og opp på «Fadlet» der vegen går nedover til Tyssetdal og Solsvegen, kjenner du truleg namnet Dåpstjørna, der stiane møtest. Raundølene gjekk til kyrkje i Ulvik, for det var kortast. Namnet Dåpstjørna skal koma frå at eit barn var sjukt eller skadd, og for at det ikkje skulle døy udøypt, var det døpt i denne tjørna. Heimedåp var eit omgrep. Då var det ikkje ein prest som døypte, men eit familiemedlem, oftast faren. Fleire spedbarn vart heimedøypte før, fordi sjukdomar og andre farar tok livet av dei nyfødde.

25. april 1940 vart Ulvik skote i brann og brent ned som ein hemnaksjon etter at nordmenn som låg på vakt, forsvara seg mot tyske soldatar på krigsbåtar. Granatar og gevirkuler frå fienden gjorde det livsfarleg å ferdast i sentrum og kring i bygda. Per Sponheim var nyfødd då dette skjedde. Familien budde på Sponheim, og foreldra var sjølvsagt redde for kva som kunne skje.

Per fortel: *Eg vart fødd 17. mars 1940. Då krigen braut ut budde foreldra mine, syster mi Jorunn og vesle meg i Frøylandsdal i Samnanger.*

Far var yrkesaktiv ved BKK sin store kraftstasjon der. Etter krigsutbrotet blei det vurdert av foreldra mine om det ville vera tryggare i Ulvik hjå besteforeldra mine enn å bli verande i Samnanger. Flytting blei bestemt, men far blei verande på grunn av arbeidet sitt.

Så kom den fatale dagen 25. april. Me måtte trekka oss unna Sponheim og kom oss til Ysteteigen ca. 500 m heimanfrå. Der søkte me ly under ei uteløe. Her sat me nokre

Per er utdanna tannlege og har jobba som det i yrkesaktivt liv. Han har alltid vore interessert i fjellet. Biletet er henta frå internett og teke frå Rembesdalen der Per har jobba mange somrar.



timar, besto på Sponheim, mor mi, systera mi på 3-4 år og eg på ca. 5 veker. I fylgle mor mi så var det mykje røyk og rusk i lufta frå bygda. Me trekte vidare oppover til Lindebrekke bruk 1 og vidare opp til eit småbruk, Tunheim. Der i småkogen vart eg døypt av Gjert Lindebrekke, bestefaren til Olav som sit på garden i dag. Så gjekk det nokre veker. Situasjonen i Ulvik roa seg etter kvart. I mai månad vart eg signa i Ulvik kyrkje. Formalitetane var på plass!

I 1942 busette me oss permanent i Ulvik. Me leigde oss inn hjå min farbror, Johan, som relativt nyleg hadde sett seg opp hus nedanfor Sponheimsvingen. Etter veldig kort tid, vart me kasta ut av okkupasjonsmyndighetene. Så hamna me på Øvre Lekve, bruk 1 der Nils J. Lekve driv garden i dag. Der vart me godt mottekne og budde der til krigen var slutt. Så kom me attende til Sponheimsvingen.

**Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem. Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på fosterhjem.no

Burfetat

Tekst frå «Helg i Hardanger»

«Helg i Hardanger» er for mange eit kjent skrift. Daniel Hydle har sendt Brubyggjaren eit klipp frå eit gammalt nummer. Det er ein fin og fargerik tekst om Hardanger og mest om opphaldet i Ulvik. Han fortel fint om folket og bygda der sundagsfreden rår. Tradisjonen med å gå i kyrkja er betre enn i Tyskland rundt 1890. Han skryter ikkje akkurat om sjølve gudstenesta, av orgelet eller lyden frå det. Men han teiknar eit positivt bilet av sin «Embedsbroder» både når det gjeld påkleding og stor ro, noko han sjølv ikkje ville klart sjølv i den kyrkjelege situasjonen.



Inntrykk frå Ulvik — slik ein tysk prest såg det

Ein tysk prest som ferierte i Norge, Otto Funcke, skreiv i 1897 ei bok om sitt opphold her i landet. Han budde i 3 veker på Brakanes Hotell i Ulvik, og hans beskrivelse av Hardanger vil få all turistreklaime idag til å bleikna.

Men hans kyrkjebesøk ein sundag i Ulvik er så fornøyelag så dersom det er interessa i bladet så fylgjer den her.

«Tre Søndage tilbragte vi i Ulvik. Vi så da, at Norges Søndage endnu virkelig er Høytidsdage, omend Søndagsfreden ikke så lidet forstyrres ved de Reisendes Hensynsløshed i de store Turistruter.

Vor første Søndag i Ulvik var over al Beskrivelse skjøn. Den blå Fjord lå der så blank og stille, som om den ventede på en Abenbarelse, og de solbelyste Snefjelde spreidde seg i den. Om Morgen blev det ringet med Klokken i den lille Kirke, der var kun en Klokke, men Klangen tonede tilbage fra Fjeldene, så den hørtes meget langt. Og nu begynte de små Både at vise sig. Bøndene kom roende med sine Familier fra Gårdene omkring. Det tog sig godt ud, den ene Båd etter den anden landede i Nærheden af vort Hotel, og vi måtte beundre de staute Kvinder i sine brogede Drakter, der syntes at spotte alle heslige Moder. Vi fik også se Kvindernes Sølvsmykker, et eget Slag kunstfærdigt norsk Filegransarbeide.

Da mange av Konene og Pigerne selv hadde roet, måtte de bringe sit Toilette i Orden idet de steg i land på Strandbredden. Mændene tog sig af Bådene, Mødrene passede på sine små Børn, enkelte gik ind på Kirkegården og pyntede sine Graver med friske Blomster. Da Klokken ringte anden gang, begynte man at gå ind i Kirken. Vi var naturligvis også blandt Kirkegjengerne. Jeg lagde merke til, at de fleste Norske af den dannede Klasse, som oppholdt sig på Hotellerne også var der, og med et Suk tenkte jeg på mine Landsmænd, der er så «dannede», at de holder hele Gudstjenesten for en gammeldags Sag og glimrer ved sin Fra-værelse.

Desværre kan jeg ikke sige at Gudstjenesten i Ulvik var meget opbyggelig. Det lille Orgel hadde Asthma, og den Mand som spillede, var ein flink Bonde

og en god Kristen, som jeg holder meget af, men hans Musik vilde ikke glædet den hellige Cecilia. Salmene som blev sunget var mest tyske, såvel Melodi som Tekst, naturligvis oversatte. Hvis jeg ikke tager feil sang vi denne Søndag Morgen: «Søde Jesu vi er her» og «Af Høyheden oprunden er». Det vilde jo været meget hjemligt, hvis jeg ikke havde sørget over, at jeg forstod så lide af Liturgi og Preken. Presten var en behagelig alvorlig Mand i sine beste Ar. Den store hvide Prestekrage over Prekestolen klædte ham godt. Man sagde mig, at Prekenen var praktisk og passede godt for folket. Det så også ud som Maenderne fulgte den med stor Interesse, men Kvinderne blev meget forstyrrede af sine Børn, som de desværre ikke havde villet, eller kanskje rettere ikke havde kunnet, lade blive hjemme. Derfor fik de det da også travelt nok i Kirken. Der blev uddelt Smørrebrød og Kringler for å stoppe Munden på de små Skrikhalse, lykkedes det endda ikke, måtte Fredsforstyrren børes ud. Mange Folk kom ind under Gudstjenesten. Alle Døre stod åbne, og man gik uafladelig ud og ind. Selv nogle firbente indfandt sig, og en stor sort hund følte sig foranlediget til at hjælpe Presten med et rørende Hyl.

Jeg måtte beundre min Embedsbroder på Prekestolen, han blev hverken nærvøs eller ærgelig, men forsatte med uforstyrrelig Ro sin gjerning. Disse Tilstande vilde bragt mig til Fortvilelse, men jeg er jo, Gud ske Lov, vant til bedre Forhold.

Efter Prækenen skulde der være Katedisasjon, men så fulgte Indbydelsen, og da jeg er over seks ti Ar fritog jeg mig selv. I Kirkens Forgang fik jeg se den smukkeste Gruppe af Kvinder samlet om et prægtigt lidet Barn, som snart skulle døbes. Den mest hensynsløse Realist kunne gjerne have malet denne Gruppe ganske efter Naturen, den vilde dog tilfredsstille selv de strængeste Idealisters Forandringer.

De to andre Søndage vi var i Ulvik var der ingen Gudstjeneste. Præstegjeldene i dette Land strekker sig ofte over flere Mil, medens der hos oss ofte findes flere Prester om en Kirke, har en norsk Prest ofte flere Kirker at betjene som kan ligge flere Mil fra hverandre —.

Innsendt av Mikkel Lothe.



Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
15.10.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste m. nattverd, dåp
22.10.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste med dåp, kyrkjekaffi, 100-årsmarkering for rose malning av Ulvik kyrkje
05.11.2023	16:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Minnegudsteneste
26.11.2023	18:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Song og ljosmesse
10.12.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste m. nattverd, dåp

Du kan bruka Vipps ved
ofringa og ved gåver.
Vipps Ulvik kyrkje:
125390

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
15.10.2023	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
29.10.2023	18:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
05.11.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Minnegudsteneste
10.12.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Ljosmesse
24.12.2023	11:00	Julaftan	Eidfjord kyrkje	Jolaftansgudsteneste
25.12.2023	11:00	1. juledag	Eidfjord kyrkje	Høgtidsgudsteneste

Du kan bruka Vipps ved
ofringa og ved gåver.
Vipps Eidfjord kyrkje:
127865

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?

Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no så set me deg på lista!

Som dagane går...

Døypte

Eidfjord

Storm Dysvik Øydvin
Theo Kydland Riber
Thilde Kydland Riber

Vigde

Ulvik

Camilla Ingebrigtsen
og Anders Opheim Heggseth

Eidfjord

Kristin Gutubø Bogetveit
og Erik Vangsnes

Avlidne

Eidfjord

Astrid Vestli f. 1947
Gunnar Sigmund Borge f. 1935
Lars Martin Fjetland f. 1942



NB! Ulvik kyrkje har noko så sjeldan som rose måling. Markeringa av at det er 100 år sidan Lars Osa gjorde det, vert halden 22. oktober som de ser over. Ei minnestøtte over han vart avduka i Ulvik i 1967. Lars Osa var far til felespelaren Sigbjørn Bernhoft Osa og journalisten Theodor Bernhoft Osa.

Konfirmantar 2024

ULVIK KYRKJE

Hedda Halstensgård
Martin Syse Hole
Ann Elin Uppheim Aabol
Even Opheim
Brynjær Thorbjørnsen
Emma Saathoff Krüger
Marius Bergo Nielsen

EIDFJORD KYRKJE

Adrian Voll Låte
Alan Koziara
Alissa Røise
Helena Hereid Medhus
Marthinus Næss Soleim
Stine Marie Sæd Ibanez
Trym Sæbø Myklatun



Takk for godt arbeid, Knut

TEKST OG BILETE: REDAKTØREN

Som soknerådsleiar har Knut Nes kunna nytta kunnskap og erfaringar frå offentleg arbeid som politikar. Det har gjeve han god støtte i arbeidet med kyrkjelege oppgåver og utviklingsarbeid. Med alvorleg skada høgrehand leia han vårryddinga på kyrkjegarden i år òg. Kyrkja har fått nye varmeomnar. Det har vorte grave opp og isolert rundt murane. Toalettet har fått heis. Då prisen på vask og måling vart svært stor, ordna soknerådsleiaren med dugnad, slik at kostnadene i hovudsak vart vaskemiddel og måling.

Når det gjeld samarbeidet med Eidfjord om «Brubyggjaren», har han spela ei viktig rolle både med organisering og skriving. Det er fort å gløyma viktige oppgåver i ei slik oppsummering. Så eg spør han direkte. Kva synest du sjølv er det viktigaste som ha skjedd i dei åtte åra dine som leiar?

– Det eg er mest glad for å fått til er etter mange år med planlegging og søknad om pengar, er nytta og tilpassa toalett i kyrkja med universell tilpassing med trappeheis. Eg er og glad for at me no har fått nytt bårerom i Ulvik omsorgstun. Av dei meir åndelege oppgåvene har me fått til godt arbeid med trusopplæring og sundagsskule med flinke leiatar.

Kva oppgåver ser du for det nye soknerådet som no er valt?


– Det nye soknerådet tek til i arbeidet rett etter at me har fått ny sokneprest i Ulvik og Granvin. Eg ynskjer at soknerådet skal leggja godt til rette for hennar arbeid. Det må og arbeidast med å styrkja økonomien for kyrkja, svarer han.

Som redaktør fekk eg for kort tid sidan ein kommentar frå ein utflytt ulviking, som tek ein tur heim att ein gong i mellom, særleg om sommaren. Eg held namnet hemmeleg, etter ynskje og fordi det er saka som er viktig. Folk som bur fast i bygda, vert gjerne blinde for endringar i negativ retning. Ulvikingen viste til gamle bilete der kyrkja i Ulvik kom mykje tydelegare fram, og var eit blikkfang i sentrum. Hans påstand vert difor at det er for mykje stor skog kring kyrkja i 2023. Redaktøren ser poenget. Kanskje me er vortne litt nærsynte?

Sidan dette er ein redaksjonell tekst med eit intervju med avgåande soknerådsleiar, så vel eg å avslutta med å stilla han spørsmålet. Til overmål er han òg gartner og fagmann.

Kva meiner du Knut om spørsmålet og kommentaren frå den utflytte ulvikingen?

– Bjørketrea kring gravplassen på Brakanes er planta kring 1950. Dei er såleis om lag 70 år gamle. Eit tidlegare sokneråd ville fjerna alle trea, men det vart ikkje sett av pengar til arbeidet. Seinare har det vore mange vurderingar korleis ein kan tynna ut i den tette skogen. No har me ei von om å få fella nokre av dei dårlegaste trea alt i vinter. Det er òg sett av pengar til meir rydding seinare.



Knut Nes er ein ekte harding oppvachsen i Sørfjorden, har butt det meste av sitt vaksne liv i Ulvik. Han har vore på Hjeltnesskulen under ulike namn som både elev og lærar. Fruktdyrking og gartneri har vore fagfelte. Knut har òg vore ordførar i Ulvik.

Dei siste 8 åra har han vore soknerådsformann. Knut har vore aktiv på mange felt, og gartnaren vil ikkje sleppa taket. Han plantar framleis på over 60 graver i Ulvik.

Dette svaret vil nok den utflytte ulvikingen setja pris på, tenkjer eg.

På vegner av «Brubyggjaren» og kyrkjelyden takkar eg for samtalen og arbeidet han har gjort! Me ynskjer lukke til med mange gjeremål han truleg ikkje klarer å slutta med! Hjarteleg takk, Knut!



Hjelp til Haydom i Tanzania

Brubyggjaren har skrive om Haydom tidlegare. Det er Magne H. Øydvinn som i årevis har hjelpt folk i Haydom i det stille. Men no er arbeidet vorte så kjent, at det var ofring til Magne sitt prosjekt i Tanzania. Det var ein kyrkjesundag som ikkje hadde mange frammøtte. Men det kom inn 5.860,- kroner i ofringa. Noko som tyder på at folk verdset dette arbeidet. Kanskje dette vert starten på ein meir formalisert støtte til Haydom? Skulle du vilja ofra utan at du hadde høve til å vera i kyrkja og gje, kan du vippa til nr. 125390 og merka det Haydom. Takk!



Vårt Fjell & Fjord Hjerte
er takknemlig;

Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord

www.effh.no / 53 66 52 64

GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørande ynskjer

hjelpe til etter eit dødsfall, slik som

- **transport av båre** (også henting på sjukhus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider

på tlf. 56 52 64 47

mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47



Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.
I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørande,



kransar
båredekorasjonar
bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER NATURSTEIN A[®]
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med
Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
 Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



ULVIK 
VVS

Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands
 GRAVFERDSBYRÅ

56 51 11 94 / 415 54 522
www.vinsand.no

VIRKE
GRAVFERD

FJORDTIND
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
 og Quality Hotel Vøringsfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
 og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevelingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhotels.no
Quality Hotel Vøringsfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

ULVIK BENZIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
 Mob. 907 54 533

**Det finst mange
 små og store draumar
 på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
 endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
 oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
 med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
 direkte utbetalta til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte



 Sparebanken Vest



ULVIK SØNDAG 17. SEPTEMBER

Sola skein på nye presten og familien

TEKST OG FOTO: REDAKTØREN

Mykje folk var møtt fram til innsetjinga av Anne Marthe Ulvik som ny prest i Granvin og Ulvik sokner. Det vart eit hyggeleg møte med nyepresten og hennar nære familie, som no vert ulvikingar. Ein familie på fire, og to nye elevar i femteklass, må me ta godt vare på. I kyrkja var det òg slektningar av den nye prestefamilien. Håpar den fine dagen og det hyggelege møtet i kyrkja gjev meirsmak!

Prost Arild Hellesøy stod for innsetjinga. Soknerådsleiaaren i Ulvik las opp brevet frå Biskopen. Etterpå heldt Anne Marthe fram som prest for gudstenesta.

Det var ikkje berre presten som var ny i dag. Men kyrkjelydsarbeidar Jorunn Bergo Aarvik kunne presentera dei nye konfirmantane. Dei kom fram og vart helsa velkomne av både Jorunn og Anne Marthe. Ei betre mottaking har vel konfirmantar neppe fått i Ulvikkyrkja før! Me ynskjer alle nye og kyrkjelyden lukke til!



Prost i Hardanger og Voss prosti, Arild Hellesøy, held bøn over nyepresten, Anne Marthe Ulvik.



Og så er Anne Marthe begynt i tenesta i Ulvik! Takk for at du kom til oss (eller «aoko» som me seier)!



Dei nye konfirmantane i Ulvik for 2023-2024. Sidan bladet gjekk direkte til trykkeriet, tek ikkje redaktøren sjansen på å laga rekjkjefylge under biletet. Men det er passeleg utfording for kyrkjelyden å plassera namna som er opplista av kyrkjekontoret tidlegare. LUKKE TIL!



Soknerådsleiar Knut Nes les opp brevet frå Biskop Ragnhild Jepsen.

